

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Tilsvar til høyringsuttale frå Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Forum for Natur og Friluftsliv har valt å kommentere alle 10 prosjekta samla i 12 forskjellige punkt før dei tek føre seg dei enkelte omsøkte utbyggingane kvar for seg.

1. Dette punktet går vel meir i retning av kritikk til NVE og det har difor ingen hensikt å kommentere her.
2. Det vert hevda at områda som dei 10 kraftverka skal byggast i, frå før er sterkt belasta (på eit nasjonalt nivå) med mange kraftverk. Litt uklart kva denne utsegna byggjer på. Utbyggerane i Aurdalselva kjenner ikkje til alle tilhøve når det gjeld antal kraftverk, bygde frå før, i Ørskog kommune og kan difor ikkje uttale seg om det. I Sykkylven er det 3 privat eigde småkraftverk som er i drift i dag i tillegg til dei 3 kraftverka som er eigd av Sykkylven Energi AS.

6 kraftverk, av ikkje alt for stor størrelse, produserer elektrisk energi i Sykkylven i dag. Prognoser syner at Sykkylven kommune vil ha eit behov for elektrisk kraft på ca 135 GWh fram mot 2017. Dei eksisterande kraftverka produserer i dag om lag 50 GWh – i overkant av 1/3 av behovet.

3. Når det gjeld tilhøve til det biologiske mangfaldet har ikkje utbyggerane i Aurdalselva kompetanse til å uttale seg utover det som er fastlagt i rapport om "Virkninger på Biologisk Mangfald" og dei tre rapportane angående akvatiske tilhøve og anadrome fiskeslag. *"Tiltaket vil etter all sannsynlighet ikke gi verdiendringer av påviste verdifulle miljøer. Den generelle verdien av undersøkelsesområdet vil bare bli svakt negativt påvirket. Tiltaket får ut fra dette liten negativ betydning".*
4. Her er det også generelle betraktninger som kjem til uttrykk. Det er fagpersoner som har uttalt seg om alt som har med biologisk mangfald å gjere – både i vatn, på land og i luft. Derimot er det lokalkunnskapen som har uttala seg om både noverande og tidlegare bruk av elva og området i kring. Det er vel ingen grunn til å tvile på at den kunnskapen er å finne blant dei som bur i området.

Vandringshinder for anadrom fisk er stadfesta både av lokale folk og folk med fagkunnskap. Blant anna av formannen i Sunnmøre elveeigarlag.

Det vert også peika på stor kapitallekasje ut frå distriktet når utbygginga vert gjort i regi av eit eksternt selskap. I Sykkylven er det svært få aktørar som leverer utstyr til småkraftindustrien og slikt utstyr må difor kjøpast utanbygds. Sjølve byggearbeidet er tenkt utført av lokale entreprenørar og eigarskapet skal også behaldast lokalt. Det vert altså satsa på at mest mogleg av kapitalen vert bevart lokalt så vel i utbyggingsfasen som i driftsfasen.

Forum for Natur og Friluftsliv har også opplysninger om at hovuddelen av arealet i Sykkylven er eigd av folk som ikkje bur i bygda. Utbyggarane av Aurdalselva vil be om at dei legg fram dokumentasjon på det, då dette er nye og heilt ukjende opplysninger.

Forum for Natur og Friluftsliv dreg og paralleller mellom kraftutbygging og oppdrettsnæring. Dette er to fullstendig ulike næringer som ikkje på noko vis kan samanliknast – verken når det gjeld eigarstruktur eller driftsform.

Vatn og vassføring kan heilt sikkert ha ei positiv innvirkning på naturopplevinga. Som før nemt så er utbyggingsstrekninga i Aurdalselva lite tilgjengeleg og er svært lite nytta til rekreasjon. I tillegg er det berre 12-13 % av elvestrekninga som blir røyvd ved utbygging.

Kor vidt myndigheitene skal stille strengere krav for tildeling av konsesjon er vel ikkje eit tema som skal takast opp i dette fora – det må takast opp i eit politisk fora. No må ein nytte dei foreskriftene som gjeld i dag.

Kva grunnlag Forum for Natur og Friluftsliv har for å påstå at lokalkunnskapen er dårleg når det gjeld landskap og friluftsliv er ukjend. Kva musikk som vert nytta i høve gravferder på Sunnmøre vil ikkje utbyggarane av Aurdalselva uttale seg om, men synest likevel ikke at den slags polemikk høyrer til i ei slik utgreiing.

5. Hensikta med Regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion er å gi ei oversiktleg framstilling av korleis ein ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv.

Kystvatnet på Nordre Sunnmøre er dominert av den moderat eksponerte Storfjorden med sidefjorlar. Regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal delar påverknadane inn i 3 hovudtypar: forureining, fysiske endringar i hydrologi/morfologi og biologisk påverknad.

Eit vått klima og eit bratt lende har gjort Møre og Romsdal vassregion attraktivt for vasskraftsutbygging. Dette gjer at ein av dei største påverkarane på vassmiljø i regionen er vasskraftregulering. I tillegg påverkar vassutak til fiskeoppdrett, drikkevatt og industri fleire vassførekomstar.

Dei vanlegaste konsekvensane er elvestrekningar med lågare vassføring enn normalt, raske vasstandsendingar som følgje av effektkøyring av kraftverka og unormal vassstemperatur i elvene som følgje av tapping frå magasina. I kraftmagasina innverkar det ofte negativt på fiskestammene at vasstanden varierer i tråd med tapping av vatnet.

Småkraftverk har i mindre grad magasin og dei negative konsekvensane er generelt mindre. Utbygginga i Aurdalselva inneber verken tapping / regulering av magasin eller effektkøyring av kraftverket, men lågare vassføring i utbyggingsstrekninga vil det vere når kraftverket går.

Alt i alt vil ei utbygging i Aurdalselva ikkje påverke vassmiljøet i særleg grad.

6. Planen for korleis den produserte energien skal distribuerast er tydeleg beskreven i søknaden. Den produserte krafta skal førast fram til distribusjonsnettlet via ein nedgraven jordkabel. Kabel og øvrig nett vil ikkje vere ein flaskehals for kraftverket i Aurdalselva då det er rikeleg kapasitet i nettet.

Også bygging / utbedring av naudsynnte vegar er tydeleg beskreve i søknaden. Forum for Natur og Friluftsliv påpeikar at småkraftverk / elvekraftverk ikkje kan køyrast ved liten vassføring og at det er berre i perioder av året disse kan gå – og det er korrekt.

Elvekraftverk vil trenge ei viss vassføring for å kunne køyrast rasjonelt. Difor er det så godt laga at når elvekraftverka går så kan dei store kraftverka med magasin redusere sin produksjon og når elvekraftverka må innstille kan dei regulerte kraftverka igjen auke produksjonen. Det er såleis ingen grunn til å gå bort frå ei minstevassføring i småkraftverket i Aurdalselva.

7. Det vert peika på at 5 tilfeldig valgte småkraftverk hadde avvik i fylgje konsesjonsvilkåra. Det vert ikkje sagt noko om kor mange småkraftverk som er i drift i Noreg. Det er difor rimeleg å tru at 5 stk av eit ukjent tal kraftverk gir ein relativt lav prosentandel, men likevel – avvik skal definitivt unngåast.

Utbyggarane i Aurdalselva kan ikkje stå til rette for kva andre utbyggarar har gjort eller ikkje gjort.

8. Detaljplanlegginga av vassintaket til Aurdal Kraftverk er ikkje utført. Difor er det heller ikkje teke noko beslutning om endeleg utforming av vassinntaket. Utbyggarane vil sjølvstøkt søke å finne det mest optimale inntaket – same kva det heiter. Kriteria for valg vil vere så vel miljømessige som økonomiske og funksjonelle.
9. Vatnet frå Aurdal Kraftverk skal førast tilbake til opprinneleg elveløp via ein kortast mogleg avløpskanal. Det vil og verte montert ei forbislepp anordning slik at ved bortfall av kraftverket vil vatnet verte ført forbi turbinen og tilbake til elva.

10. Punktet mangler i høyringsuttalen.

11. Mest heile røytraseen vil verte lagd i glissen bjørk- og oreskog, men vil delvis også krysse mindre myrområde og nokre bergknausar. Likeeins vil ein kortare del av tilkomstveg til inntaksdam måtte leggst i kanten av eit mindre myrområde.

12. Friluftsliv og tilgang på urøyvd natur er det i rikeleg monn i Sykkylven. Turisme har derimot aldri vore eit satsingsområde i Sykkylven.

Utbyggingsstrekninga i Aurdalselva ligg i ein djup, smal og vanskeleg tilgjengeleg dalbotn med mykje krattskog. Stiar fins ikkje langs elva. Området er normalt ikkje brukt til rekreasjon eller anna form for friluftsliv - dette er også omtalt i søknaden.

Ovanfor inntaksdammen og vidare innover Sunndalen er imidlertid elva meir tilgjengeleg og her er det gode moglegheite til å kunne nytte elva til rekreasjon og fine naturopplevingar. I det kringliggande området er det også rikeleg med vegar og turstier til allmen nytte.

Ei utbygging i Aurdalselva vil ikkje forringe naturopplevingane for folk.

Forum for Natur og Friluftsliv syner til at Aurdalselva har flotte, visuelle fossar innanfor utbyggingssona og at dei gjerne vil spare den øvste av disse. Ved å flytte inntaket nedom denne fossen vil ein tape ei fallhøgda på ca 25meter eller om lag 20 % av den totale fallhøgda.

Det seier seg sjølv at dette vil gje ei mykje mindre lønnsom utbygging i tillegg til at ein vil misse ein naturgitt stad for plassering av dam og inntak som er heilt ideell. Denne øvste fossen ligg, i likheit med resten av utbyggingsstrekninga, i eit vanskeleg tilgjengeleg område og er mest usynlig til ein kjem tett inn på den.

Sunndalen med kringliggande friluftsområde er rett nok eit mykje brukt område til fjellturar og anna friluftsliv. Likevel kan ikkje utbyggerane sei seg samde med at utbygging i Aurdalselva vil vere ei belastning for befolkninga i sentrumsområda av bygda. Tvert imot har det berre kome til uttrykk velvilje for denne utbygginga frå bygdefolket.

For Aurdalselva Fallrettslag SA

Karl Skotte
Leiar